



SJ Mathilde eit staseleg syn som ofte er å sjå på fjorden.

Seglskuta «Mathilde» går i leirskulefart for tida. Skuta har kvar veke skuleklassar om bord. Ei fast hamn er hos Ole Kristoffer Vågen på Skorpo. Kvar tysdag kjem skuta sigande inn og legg til kai i Vågen. Før på dagen var seglskuta å sjå i Rosendal.

Mannskapet på «Mathilde» er godt kjend på øya, og det må vera ein triveleg plass å koma for elevane,- med tilbod om turar og anna friluftsliv.

Elevane denne veka kjem verkeleg langvegs frå. Dei kjem frå Nordberg skule i Skjåk kommune i Oppland fylke. Nordberg skule har hatt tradisjon og har vore med Mathilde i mange år.

Med den høge riggen er fartyet godt synleg frå Uskedalen.

Tekst: Kristian Bringedal
Nett: Thor Inge Døssland
Foto: Harald Sætre